


Undervisningsopplegg Ishavsmuseet Aarvak

1. til 4. klasse



Kompetansemål i natur og miljø/samfunnsfag

Generelt om naturfag:

Kunnskap om, forståelse av og opplevelser i naturen kan fremme viljen til å verne om naturressursene, bevare biologisk mangfold og bidra til bærekraftig utvikling

Samtidig skal naturfag bidra til at barn og unge utvikler kunnskaper og holdninger som gir dem et gjennomtenkt syn på samspillet mellom natur, individ, teknologi, samfunn og forskning.

Varierte læringsmiljøer som feltarbeid i naturen, eksperimenter i laboratoriet og ekskursjoner til museer, vitensentre og bedrifter vil berike opplæringen i naturfag og gi rom for undring, nysgjerrighet og fascinasjon.

Klassetrinn	Kompetansemål	Forslag til tema
1.-2. kl	stille spørsmål, samtale og filosofere rundt naturopplevelser og menneskets plass i naturen	Matpause med Pingu-film?
3.-4. kl	samtale om livssyklusen til noen plante- og dyrearter fortelle om dyr og samtale om hva god dyrevelferd er argumentere for forsvarlig framferd i naturen planlegge, bygge og teste enkle modeller av byggkonstruksjoner og dokumentere prosessen fra idé til ferdig produkt	Lære om livssyklusen til td. isbjørn, polarrev, sel, mm Lære kva ein kan gjere for å ta vare på truga dyreartar som isbjørn, kvalross, sel Lære kva ein IKKJE bør gjøre i naturen Bygge ein enkel strikkmotorbåt og prøve han ut i eit stort vasskar (konkurranse?)

Generelt om samfunnsfag:

Faget skal stimulere til utvikling av kunnskap om det kulturelle mangfaldet i verda i fortida og samtida, og til forståing av forholdet mellom naturen og dei menneskeskapte omgjevnadene.

Klassetrinn	Kompetanse mål	Forslag til tema
1.-4. kl	<p>presentere historiske emne ved hjelp av skrift, teikningar, bilete, film, modellar og digitale verktøy.</p> <p>Utforske kjelder og bruke dei til å lage etterlikningar av gjenstandar frå fortida.</p> <p>Kjenne att historiske spor i sitt eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke.</p> <p>Peike ut verdshav og verdsdelar og bruke sentrale geografiske omgrep.</p> <p>Samanlikne liv og virke i Noreg og i nokre andre land</p>	<p>Ishavskulturen før og no</p> <p>Nytte utstillinga i museet</p> <p>Lage reiskapar frå fangstkulturen</p> <p>Lokal fangstkultur, Brandal, Tjørvåg</p> <p>Bruke kart til å identifisere kvar nordmenn reiste for å fangste (finne Noreg- teikne inn reiserute, mm)</p>

Ishavsskuta Aarvak ligg i bygget ved sidan av museet. Dersom det passar, kan ein starte her med tema båtkultur og –historie.

Forslag til emner:

1. Kan elevane namnet på nokre båtar som er frå heimstaden deira?
2. Kan elevane namnet på berømte båtar? Titanic, Kon Tiki, Fram.. Kva type båtar er dei?
3. Kan dei namnet på forskjellige båttyper? Har nokon båt sjølve? Kano, kajakk, sjark, snekke, robåt, knarr, modellbåt ... Bruk fantasien☺
4. Kan elevane namnet på noko av utstyret på denne båten?
5. Denne båten går framover fordi han har motor. Korleis fekk dei båtane til å gå framover før ein hadde motor?
6. Kva gjorde dei i tønna i masten?

I vindauge på Aarvak-bygget står ein oppreist isbjørn. Inne i sjølve museet er det fleire andre isbjørnar. Her inne kan det vere naturleg å ha neste samling. Lat elevane samle seg rundt isbjørnen og samtal om desse spørsmåla:

1. Her er ein kjempestor isbjørn. Kva trur du isbjørnen kan finne å ete der han bur? Der er jo berre is...
2. Brune bjørnar går i hi om vinteren. Trur du isbjørnane ligg i hi slik som vanlege bjørnar gjer? Dei har jo vinter heile året?!
3. Kvar trur du isbjørnane gjer av seg når dei skal ha baby-isbjørnar?
4. Trur du menneska kan bu der som isbjørnane bur? Kan det vere farleg?
5. No seier folk at masse is smeltar. Kva skal isbjørnane gjere då? Må dei flytte? Kvar kan dei flytte?
6. Kan vi gjere noko for å hjelpe dei?
 - a. Kan vi hjelpe dei der dei bur?
 - b. Kan vi hjelpe dei heilt her heimanfrå? Har det vi gjer noko å seie for isbjørnane som er så langt borte?
7. Kan vi gjere noko for at eit dyr langt borte skal ha det bra? For pandaen, elefanten, eller andre?

Før elevane går til andre etasje:

1. Kvifor har folk reist til stadarder ingen har vore før? Har du vore i skogen eller liknande og vore på «ekspedisjon» eller «oppdagelsesferd»?
2. Kvifor er det så viktig for folk her å ha eit museum om selfangst? Her er jo ingen selar, -eller er det det?!
3. Kva vil det seie å overvintre? For dyr? For mennesker?

GUIDING: Opplegg av Ishavsmuseet. Ishavsmuseet har eigne guidar som går gjennom sitt opplegg med elevane. Det kan vere greitt å gjere dette før elevane har matpause.

MATPAUSE?

I andre etasje er det mange dyr og fuglar. Dersom læraren bruker av sin eigen kunnskap om dei forskjellige dyra, er her mange fascinerande spørsmål å stille og historier å fortelje etter læraren sitt eige opplegg.

Generelt kan ein spørje:

Kor mange dyr her på museet kan du namnet på?

Har du nokon gong sett nokre av desse dyra «på skikkeleg»? I dyrehagen?

Kven av alle desse dyra trur du skiftar farge på pelsen?

Kva trur du dei forskjellige dyra kan finne å ete?

Trur du nokon av desse dyra et kvarandre?

Kva for eit dyr er finast/styggast? Kvifor?

Fangsthytta:

Kor mange trur du kunne bu her?

Kvar er kjøleskapet?

Kvar er doen?!?

Trur du hytta var trygg dersom det kom isbjørn?

Kva trur du dei gjorde dersom det faktisk kom isbjørn?

Kva trur du fangstmennene som overvintra (hugsar du kva det tyder?) kunne finne til mat? Kva trur du dei kunne finne å brenne for at det skulle vere varmt i hytta?

Merk! Spørjeskjema for dei eldste elevane i eit anna dokument.

Elevane samlast i konferanserommet og får utdelt fargar og kart.

KART

1. Her er heile verda på kart. Kan du finne Noreg? Mange seier at Noreg ser ut som ein vott. Gjer det?
2. Kan du farge Noreg raudt?
3. Det er fem store hav i verda (Stillehavet, Atlanterhavet, India-havet, Sørishavet og Nordishavet). Kan du finne dei? Kan du spørje læraren din kva dei heiter og skrive namna på dei? Kan du farge dei blå?
4. Læraren din viser deg kvar Vesterisen, New Foundland og Beringstretet er. Er det langt frå Noreg? Er det kortare eller lengre enn til Syden?
5. Kvar trur du Syden er? Kan du farge blå dråpar på Syden, for der treng dei sikkert litt regn?
6. Kan du lage ei raud pil frå Noreg til der ishavsskutene før?
7. Kan du teikne ein sel på Nordpolen?
8. Pingvinane bur i «andre enden», altså på Sørpolen. Kan du teikne ein pingvin der?

World Robinson Projection Map with Country Outlines



This is a royalty free image that can be used for your personal, corporate or education projects.
It can not be resold or freely distributed, if you need an editable PowerPoint or Adobe Illustrator
version of this map please visit www.bjdesign.com or www.mapsfordesign.com.
This text can be cropped off. © Copyright Bruce Jones Design Inc. 2009

Etter at elevane har jobba med karta, kan det vere greitt at dei får røre på føtene og vandre litt rundt i museet på eiga hand. Då kan ein bruke lista under til «inspirasjon».

Kor mange kan du finne i museet?

isbjørnar

moskusar

selar

trapper


kajakkar

snøscooter


revar


levande personar


Nedanfor er ein del teikningar og småoppgåver.



Orca








Kan du lage ein vits? Kva trur du dei seier til kvarandre?

Person 1: _____

Person 2: _____

Person 1: _____





Copyright © Activity Bucket.com 2011